



Kinn kommune

Innkjøpsstrategi 2021 -2024

Vedtatt 29.04.21 KOST – 055/21



Innhald

1.	Bakgrunn.....	2
	Utfordringar.....	2
2.	Rammer.....	3
	2.1 Lov om offentlege anskaffingar.....	3
	2.2 Lokale vedtak.....	3
	2.3 Forpliktande avtalar.....	3
3.	Overordna mål.....	4
4.	Fokusområde.....	4
	4.1 Lokalt næringsliv.....	4
	4.2 Samfunnsansvar.....	4
	4.3 Miljøansvar.....	5
	4.4 Innovasjon.....	5
	4.5 Gode og rette innkjøp.....	5
	4.6 Avtalelojalitet og volumgevinst.....	6
	4.7 Oppfølging av kontraktar.....	6
5.	Ansvarsdeling.....	6
	5.1 Innkjøpsavdelinga.....	6
	5.2 Leiarar.....	7



1. Bakgrunn

Innkjøpsstrategi for 2020-2024 gir overordna føringar for kommunen sine innkjøp.

Strategien har seks fokusområde:

1. **Samfunnsansvar**
Kinn kommune er ein stor innkjøpar som skal vere medviten samfunnsansvaret sitt
2. **Miljøansvar**
For å bli å ein nullutsleppskommune innan 2030, må vi ta grep for å sikre at vi kjøper klima- og miljøvennlege produkt og tenester
3. **Innovative anskaffingar**
Vi skal tenke nytt, vere open for nye løysingar og neste praksis
4. **Gode og riktige innkjøp**
Gjennom fokus på gode innkjøpsprosessar skal vi finne dei rette løysingane, som dekkjer behova
5. **Avtalelojalitet og volumgevinst**
Der vi har rammeavtalar skal vi ikkje handle med andre leverandørar. Rammeavtalar skal sikre oss reduserte prisar gjennom volum
6. **Oppfølging av kontraktar**
Auka fokus på oppfølging av kontraktar skal bidra til å sikre at kommunen sine ressursar vert nytta effektivt og at leveringane held god kvalitet

Innkjøpsstrategien er grunnlaget for innkjøpsreglement.

Alle som kjøper inn noko på vegner av kommunen, også dei kommunale føretaka, skal følgje strategi og reglement.

Strategien deler ansvaret for innkjøp mellom innkjøpsavdelinga og tenestene. Den vektlegg innkjøpsavdelinga si rolle.

Strategi og reglement vil bli førande for arbeidet som innkjøpsavdelinga i Kinn utfører for innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS).

Utfordringar

Utfordringar med innkjøp i dag:

- a) ein ung organisasjon og ulike kulturar
- b) nytte betre planleggings- og oppfølgingsfasane ved innkjøp
- c) definere behovet, ikkje gå rett på ei ferdig løysing
- d) oversyn over kva rammeavtalar vi har og kva dei dekkjer
- e) fleire treng kunnskap om prosessane ved innkjøp



- f) skape forståing for at innkjøp krev tid
- g) ta i bruk elektroniske verktøy for handtering av kontraktar
- h) auke kompetansen
- i) sikre reell konkurranse i marknaden
- j) for lite bruk av e-Handel som verktøy for å tinge varer og tenester
- k) manglande mottakskontroll av varer og tenester
- l) vi er for lite lojale til rammeavtalar
- m) manglande oppfølging av kontraktar
- n) vi er ikkje gode nok på samfunns- og miljøaspekta ved innkjøp.

2. Rammer

2.1 Lov om offentlege anskaffingar

«Lov om offentlige anskaffelser» og «Forskrift om offentlige anskaffelser» legg premissane for korleis offentlege innkjøp skal skje. Lov og forskrift gjeld for statlege, kommunale og fylkeskommunale verksemdar og offentlig rettslege organ.

Føremålet med lova (§ 1):

«Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal bidra til at det offentlige opptrer med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

Dei grunnleggjande prinsippa (§ 4):

- krav til konkurranse
- lik handsaming
- føreseielege prosessar
- at vi kan etterprøve
- forholdsmessighet

Offentleglova har også reglar for arbeid med anskaffingar. Den opnar for innsyn i prosessen og tilboda som vert gjeve. Føremålet er å sikre openheit om korleis det offentlege nyttar felles midlar, og gje tilbydarar høve til å gjere seg kjend med saka og retten til å klage.

2.2 Lokale vedtak

Alle som gjennomfører innkjøp må rette seg etter gjeldande strategi og reglement. Det same gjeld i høve vedtekne planar og andre føringar frå eigne folkevalde organ.

2.3 Forpliktande avtalar

Kommunen kan, på overordna nivå, inngå avtalar som kan påverke kva føringar og omsyn vi skal ta i innkjøpa. Dei som gjennomfører innkjøp på vegner av kommunen skal difor rette seg etter slike avtalar. Innkjøpsavdelinga kan støtte og gi rettleiing. Då skal vi følgje rettleiinga frå innkjøpsavdelinga.



3. Overordna mål

Kinn kommune sine kjøp av varer og tenester skal være samfunnsansvarlege, miljøvenlege, kostnadseffektive og av god kvalitet.

4. Fokusområde

4.1 Lokalt næringsliv

Delmål:

Ved kjøp skal vi legge til rette for å inkludere lokalt næringsliv gjennom å nytte handlingsrommet i regelverket.

Vi kan:

- a) gjennomføre kjøp med fleire delar/fasar, slik at mindre/lokale verksemder kan delta
- b) gjennomføre kjøp med fleire geografiske inndelingar, slik at lokale leverandørar kan delta
- c) gjennomføre parallelle kjøp med ulike konkurransegrunnlag med same tema, men med ulik vekt, slik at resultatet blir best mogeleg tilpassa lokale behov
- d) legge til rette for kataloghandel på e-handelsløsning og lære opp lokale leverandørar slik at dei kan tilby slike løysingar
- e) gjennomføre konferansar med næringslivet for å syne korleis vi arbeider og kva vi planlegg å kjøpe
- f) samarbeide med lokale vekstverksemder/lag og organisasjonar
- g) saman med Vestland fylkeskommune gjennomføre leverandørutvikling med lokale verksemder. Det kan i større grad kvalifisere dei til å delta.
- h) lære opp lokale verksemder i å levere tilbod
- i) delta på bransjetreff og liknande og ha låg terskel for dialog med leverandørar når ein ikkje er i «konkurransemodus»
- j) bruke reserverte kontraktar der det er tenleg
- k) legge til rette for knoppskyting gjennom oppdrag særleg tilpassa nye og mindre verksemder, verksemder med tilrettelagde arbeidsplassar og gründerverksemder. Det kan vi gjere ved mindre oppdrag og der vi kan ta ein høgre risiko.

Det er viktig å sørge for reell konkurranse og lik handsaming av leverandørane.

4.2 Samfunnsansvar

Vi som kjøper inn til offentlig sektor må vere medviten samfunnsansvaret vårt:

1. Vi skal ikkje handle med useriøse aktørar, dei som undergrev rettferdig konkurranse og dei som ikkje respekterer arbeidarane sine rettar
2. Vi skal motarbeide svart økonomi, arbeidslivskriminalitet og sosial dumping.
3. Vi vil unngå innkjøp frå firma som er basert i såkalla skatteparadis



Vi skal:

- a) legge til grunn «Samarbeid mot svart økonomi» sine 10 strategiske grep i innkjøpa våre
- b) auke bruken av standardiserte kontraktar
- c) handle med dei som er samfunnsansvarlege leverandørar.

4.3 Miljøansvar

Vi skal ha fokus på å vere miljø- og klimavenlege i innkjøpa. Innkjøpa skal hjelpe oss med å nå målet om å bli ein nullutsleppskommune innan 2030.

Vi skal:

- a) vurdere klima- og miljømessige konsekvensar ved planlegging av kommunen sine anskaffingar der det er relevant
- b) stille klimakrav til kommunen sine leverandørar, der det er relevant
- c) finne løysningane som gir låg miljø- og klimabelastning ved å vurdere produkta sine livssykluskostnader (LCC) og utslepp (LCA)
- d) velje miljømerka tenester/produkt i den grad det er mogleg
- e) fase ut bruk av plastemballasje og plastprodukt for eingongsbruk. Vi skal ikkje nytte eingongsprodukt som bestikk, glas, sugerør og liknande som er laga av plast.

4.4 Innovasjon

Innovasjon handlar om å finne nye løysingar på kjende problem. Noko nytt som vert tatt i bruk og skapar verdi. For kjøpar ligg verdien i reduserte kostnader eller auka inntekter.

Vi skal legge til rette for innovasjon gjennom innkjøp. Ved å fokusere på det skal vi oppnå gode løysingar som møter reelle behov.

Vi skal:

- a) utvikle metodar som i større grad kan leie til innovative kjøp
- b) ha som føresetnad å klargjere behovet vårt og forvente at marknaden kjem med løysingane
- c) gi marknaden nødvendig tid til å respondere på konkurransar med innovative løysingar
- d) gjennomføre dialogkonferansar
- e) gjennomføre førehandsvurderingar i faggrupper før utlysning
- f) digitalisere meir innan innkjøpsfaget.

4.5 Gode og rette innkjøp

Vi skal fokusere på gode og rette innkjøpsprosessar. Kvart innkjøp skal gje løysningar av god nok kvalitet til så låg pris som mogeleg. Kompetente medarbeidarar er det beste verktøyet vi har for å finne dei reelle behova og dei gode prosessane.

Vi skal :

- a) heve kompetansen til medarbeidarane
- b) planlegge godt og vurdere dei reelle behova



- c) auke bruken av faggrupper, på tvers av fag, ved større kjøp
- d) digitalisere meir
- e) auke bruken av standardiserte malar og offentleg rettleiingsmateriell
- f) sikre at vi har tilstrekkeleg kompetanse i innkjøpsfaget
- g) auke fokuset på overordna analysar og etterkontroll av gjennomførte kjøp.

4.6 Avtalelojalitet og volumgevinst

Vi sparar mykje på gode prosessar og rammeavtalar som gir avslag ved kjøp av større volum. Då må alle vere lojale til avtalane. Når nokon kjøper ei vare eller teneste av andre enn dei vi har avtale med, bryt vi avtalen. Det kan få store økonomiske konsekvensar for oss. Vi vil at næringsliv og leverandørar skal oppleve Kinn kommune som ein profesjonell part.

Vi skal:

- a) auke kompetansen til leiarar og medarbeidarar
- b) meir etterprøving av verksemdene sine anskaffingar gjennom oppfølging
- c) ha ein sikker og effektiv fullmactsstruktur
- d) auke bruken av faggrupper på tvers av fag ved større anskaffingar
- e) auke fokuset på overordna analysar og etterkontroll
- f) auke kompetansen gjennom samarbeid

4.7 Oppfølging av kontraktar

Vi må følgje opp kontraktane våre godt. Det er ressurskrevjande og krev god dialog med leverandørane. Vi må følgje opp under heile prosessen og kontrollere leveransen. Slik kan vi sikre at kommunen får gode og miljømessige varer av rett kvalitet, til rett pris og til rett tid.

Vi skal:

- a) auke bruken av offentleg rettleiingsmateriell
- b) bli betre i å følgje opp kontraktar
- c) bli betre til å kontrollere sluttleveransar
- d) gjere det enklare å følgje opp kontraktar
- e) ta i bruk digitale hjelpemiddel for å bli betre i kontrollarbeidet.

5. Ansvarsdeling

5.1 Innkjøpsavdelinga

Innkjøpsavdelinga er sentral i å styre, støtte og utvikle kommunen sine innkjøp.

Avdelinga sitt ansvar er å:

- a) vere prosessleiar av innkjøpsfasen ved alle større kjøp
- b) utvikle kommunen sin innkjøpsstrategi, prosedyrar og reglement
- c) sikre at tenesteleiarane gjennomfører innkjøpa i samsvar med lov, forskrift, strategi og reglement



- d) støtte leiarar og medarbeidarar med innkjøp
- e) følge opp kjøp og sikre måloppnåing i høve avtaler som kommunen er del av
- f) ha dialog med lokalt og regionalt næringsliv, andre offentlege innkjøparar og innkjøpssamarbeid regionalt og nasjonalt.

5.2 Leiarar

Kommunen sine leiarar skal følge strategien. Dei har ansvar for å:

- a) gjere seg kjent med strategien og formidle den til dei tilsette
- b) sikre at tenesta følgjer lov, forskrift, strategi og reglement
- c) sikre at kjøp skjer i tråd med vedteke budsjett og fullmakt
- d) sikre at kjøp skjer etter avtalar kommunen er med i
- e) søke råd og rettleiing frå innkjøpsavdelinga når dei er i tvil.